

Søknad om grensejustering - frå gbnr 172/4 til gbnr 172/171

Skildring av søknad:

Lindås kommune fekk tildelt midlar frå Hordaland fylkeskommune til punktutbetring langs Lurevegen, fylkesveg 402, ved Stokke bru på Seim.

Eit av krava var at Lindås kommune skulle vere byggherre og ha ansvar for heile jobben.

Det er difor Lindås kommune som står som ansvarleg søkjar for oppmålinga.

Som fullmakt ligg det vedlagt tildelingsbrev frå Hordaland fylkeskommune, vedlegg 13, kor det går fram at kommunen skal ha ansvar for heile prosessen.

Prosjektet gjekk ut på å siktutbetre i ei kurve langs Lurevegen. Det var behov for å sprengje vekk ein del fjell for å betre sikta i kurva.

Grunnerverv vart avtala med eigar av gbnr 172/4. I avtalen, vedlegg 4, var 235m² avmerka som permanent erverv og 315m² som midlertidig disponibelt areal. Delar av det midlertidig disponerte arealet skal kunne gå inn som permanent areal ved uforutsette høve. Areala var merka som førebels og at små avvik kunne forekomme. Bakgrunnen var at det var uvisst kva type fjell ein kom til å møte på ved sprenging og grensa mot veg er stipulert. I den samanheng var det vanskeleg på førehand å oppgjje eksakt areal ut i frå grense mot veg.

Permanent areal, som vist på situasjonskart i vedlegg 3, skal målast opp 1m inn frå kanten av topp skjæring og grensejusterast inn på vegarealet til gbnr 172/171, fylkesveg 402 Lurevegen.

Det bør takast med i protokoll at det er ynskjeleg å få målt opp grensa mellom veg og eigedom 172/31 der den stipulerte grensa går pr. i dag.

Tinglysing:

I tillegg til grensejustering skal gjerde på topp skjæring gbnr 172/4 tinglysast. Tinglysinga skal innehalde grunneigar av gbnr 172/4 sitt ansvar for framtidig vedlikehald av gjerdet.

Sjå kontrakt vedlegg 4, punkt 3. b).

LNF-område:

Vegavdelinga i Lindås kommune legg til grunn at det ikkje er naudsynt å søkja dispensasjon frå LNF i samband med grensejustering langs fv402.

Grunngjevinga er at det grensejusterte arealet er nytta til same formål som som arealet gbnr 172/171 hadde før utbetring av siktforholda langs vegen.